



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
18/23	Formannskapet	31.01.2023

Detaljregulering "Øykjeneset næringsområde" - 2 gangs høyring

Samandrag:

Nordplan AS har på vegne av tiltakshavar Rovde Industripark AS utarbeida ein reguleringsplan for Rovde Industripark, omlag 236 dekar. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for areal for industri/lager. Førebelse planar om landbasert akvakultur ligg til grunn for reguleringa. Planen har vore ute på 1 gangs høyring. Innspela etter høyringa er handsama av Nordplan, og ein revidert plan vert føreslått lagt ut på ei avgrensa offentleg høyring.

Formannskapet 31.01.2023

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

FO - 18/23 Vedtak

Vanylven kommune vedtek å legge ut revidert plandokument "Detaljregulering Øykjeneset næringsområde" datert 11.01.2023 (arealplanID: 1511-21002) til eit avgrensa offentleg ettersyn, etter innspela frå 1. gangs høyring. Viser til plan- og bygningslova § 12-10. Høyringsfrist vert sett til 3 veker.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune vedtek å legge ut revidert plandokument "Detaljregulering Øykjeneset næringsområde" datert 11.01.2023 (arealplanID: 1511-21002) til eit avgrensa offentleg ettersyn, etter innspela frå 1. gangs høyring. Viser til plan- og bygningslova § 12-10. Høyringsfrista vert sett til 3 veker.

Vedlegg:

12_Oppsummering merknadar
1.høyring_19031_Detaljregulering_Øykjeneset_Næringsområde
00_Planomtale_19031_Detaljregulering_Øykjeneset_Næringsområde_11.01.2023
01_Plankart_Detaljregulering_Øykjeneset_Næringsområde_06.01.2023
02_Føresegner_19031_Detaljregulering_Øykjeneset_Næringsområde_11.01.2023
03_ROS_19031_Detaljregulering_Øykjeneset_Næringsområde_11.01.2023
04_Planinitiativ_13.02.2019
05_Oppstartsmøtereferat_24.05.2019
06_Varslingsbrev_10.07.2019
07_Innspelsskjema_14.01.2022
08_Samla innspel_14.01.2022
09_Arkeologisk registrering Korsfura Etappe 1_13.02.2013
10_Geologisk vurdering Skredfare_13.01.2020
11_Arkeologisk rapport 2020 Rovde Industriområde_05.10.2020

Saksopplysningar:

Nordplan AS har på vegne av tiltakshavar Rovde Industripark AS utarbeida ein reguleringsplan for Rovde Industripark, omlag 236 dekar. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette areal for industri/lager. Førebelse planar om landbasert akvakultur ligg til grunn for reguleringa. Det er planlagt å sprengje ned og planere areal regulert til dette formålet. Som ein følgje av dette har ein også vore nøydd til å sjå på deponeringsareal for overskotsmasse/ vrakmassar og alternativ til ny tilkomst frå hovudvegen.

Planforslaget omfattar eigedom 106/4 (Rovde Industripark), 106/8 (Vanylven kommune), 106/9 (MR Fylkeskommune), 107/4 (Jan Steinar Sundnes) og 107/35 (MR Fylkeskommune), som i kommuneplanen er avsett som næringsverksemd innafor området Korsfura (E1 og E48), hamn (H1) og friområde (F2).

Formannskapet i Vanylven kommune vedtok, den 15.02.2022 i sak 27/22, å legge ut offentleg høyring av "Detaljregulering Øykjeneset næringsområde". Høyringa vart sett til tidsrommet 22.02.2022-08.04.2022. Det kom inn 6 merknadar.

Utifrå desse innspela har Nordplan utført revisjon av plandokumenta "Detaljregulering Øykjeneset næringsområde", datert 11.01.2023. Revidert plandokument er vedlagt denne saka.

Vurdering og konklusjon:

Det kom inn 6 merknad etter 1. gangshøyring, som er vedlagt saka og er kommentert av Nordplan.

Følgande endringar har blitt gjort etter 1.gongs høyring:

- Konsekvensutgreiing av planforslaget – Kap. 6 Konsekvensar for miljø og samfunn (KU)
- Avkøyrsla til næringsområdet er flytta aust for eksisterande avkøyrsla for å sikre krav i samsvar med gjeldande vegnorm.
- Mindre justering av plangrense i sør med fylkesvegen som følgje av endra plassering på avkøyrsla.
- Fylkesvegens tryggleikssone er oppdatert i samsvar med SVV handbok N101 i plankart og føresegn og regulert til «annan vegggrunn».



Følgjande føresegn er endra/lagt til:

- 3.7 Kulturminne i sjø – føresegn om kulturminne i sjø
- 3.5 Regulert areal innanfor byggjegrensen til fylkesvegen – krav til tiltak innanfor fylkesvegens byggjegrense og sideareal.
- 5.1.1 Frisikt (H140_1-2) – frisiktsona er justert i samsvar med SVV handbok V121 og N100
- 3.9 Ureining – føresegn for grenseverdiar for ureining iht forurensningslova
- 3.10 Støy– føresegn for støy i anleggs- og driftsfasen
- 4.1.1 Næringsbygningar (BN) – krav om fargebruk og material på nye bygningar. Krav om at drift og uttak av massar skal skje iht konsesjon og driftsplan.
- 4.2.2.2 o SVG3-4 – krav om at fylkesvegens sideareal skal utformast trafikktrygt i tråd med gjeldande SVV normalar.
- 4.3.1.2 GV2 – Krav om at føresegn 3.5 leggst til grunn for oppføring av voll og gjerde.
- Føresegnområde #1 og #2 – Føresegnområde #1 – byggehøgda er senka til 15 m.
- Føresegnområde # 2 – krav om undersøkingar ved tiltak mtp effekten på tareskog.

Adminstrasjonen har ingen innvendingar mot endringane som er gjort i plandokumentet frå Nordplan (revisjon 11.01.2023) etter innspel frå 1. gangs høyring. Planen vert føreslått lagt ut på ei avgrensa høyring, før den vert vurdert til å kunne slutthandsamast politisk. Høyringsfrist vert sett til 3 veker.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

